

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.11.2021

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, , Kenneth Vikane, Thorleif Gjernes, Oddmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Jan Tore Huus, Tirill Eiken

Referent: Kaia

Sak 2021/65: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2021/66: Godkjenning av referat frå styremøte 12.10.2021. Godkjent

Sak 2021/67: Eigedomar:

- Meieriet, vassmålar/avløpsgebyr. Vassmålar er bestilt, røyrleggjar kjem for å montere.
- Privat leigetakar av lagerlokale i deler av «rektorkontor» er flytta ut. Styret vil gjera heile kontoret disponibelt for eventuelle nye leigetakarar, og held fram prosessen med å omdisponere leigerom i kulturhuset.

Sak 2021/68: Tilstellingar:

- Bygdelagsbasar i romjula, onsdag 29.12 kl. 17.00. Oppdatere gevinstliste. Me legg loddbok på butikken frå måndag 29.11. Satt opp liste over kven som vil sitje på butikken og selja lodd i desember. Kenneth går med loddbok i bygda. Tusen takk for alle gevinstar! Me tek stadig i mot fleire.
- Planlegge eit samarbeidsmøte for 2022 for lag/organisasjonar og bedrifter for m.a. koordinering av aktivitetar i dei ulike laga. Møtet vert tysdag 25.01.22 kl. 19.00. Invitasjonar vert send ut på nyåret.
- Tenning av juletre i båthamna 1. søndag i advent, 28.11. Thorleif er juletresjef. Det vert ikkje laga til noko arrangement rundt tenninga grunna fleire andre arrangement denne helga. Bygdelaget tek ein dialog med idrettslaget om eit felles førjulsarr. for born ila desember.

Sak 2021/69: Økonomi:

- Alle tilskot til nærmiljøanlegget er på konto med unntak av to som er undervegs.
- Avlaupsgebyr; kommunen refunderer om lag 35.000,- etter for mykje fakturert i 2020 og 2021 for kulturhuset. Gebyret vert og redusert framover grunna mindre faktisk forbruk.
- Rekneskapen ser veldig lovande ut for 2021. Det har vore bra aktivitet i kulturhuset i haust.

Sak 2021/70: Nærmiljøanlegget:

Status framdrift - Kaia: Sandvik Play har vore på synfaring i dag 09.11, grusing rundt apparata ser bra ut, men litt restarbeid før legging av gummidekke. Dei kjem i veke 46 om veret tillèt det. Etter at gummidekke er lagt, vil plassen oppe og leikeplassen være klare til bruk. Treningsapparata ved bingen vil bli satt opp rett over vinteren, der skal fyrst murast ein mur i underkant av bingen. Me gler oss stort til gummidekket er lagt og anlegget kan takast i bruk! Me set stor pris på all god arbeidshjelp og velvilje rundt bygginga, tusen takk!

Sak 2021/71: Andre saker/eventuelt:

- Oversikt nye tilflyttarar, blomehelsing og eit års abonnement på Herand Bygdeblad. Ole tek ein runde til 4 nytilflytta sambygdingar litt ut i desember.
- Hjartestartar er kontrollert og er ok, men elektrodar går ut på dato i desember, nye er bestilt. Den er registrert i **hjertestarterregister.113.no**
- Bygdebladet – nytt blad i månadsskiftet.
- Julefest 2.dag – kva rode, kven har boka? Den er hjå Sarah Marie Røstbø, me ber ho overlevere den til nokon i neste rode.
- Innspel til plan for friluftslivets ferdselsårer; bygdelaget har gjeve eit innspel til planen i lag med idrettslaget. Kommunen har kome tilbake med eit spørsmål om kva hjelp me har trong for i kulturstien. Ole lager ei tilbakemelding der me ber om hjelp til rydding av vegetasjon, sikring og vedlikehald. Viktig og å ha med behovet for parkeringsareal.

Neste styremøte tysdag 14.12.21 kl. 19.00 på Herand kulturhus